

Til mottakar

Leikanger, 10.12.2025

Vår ref. 642847-01


Varsel om oppstart av planarbeid

Detaljreguleringsplan for Borlaugshagen næringspark

Vi varslar med dette oppstart av planarbeid for Borlaugshagen næringspark i Lærdal kommune i henhold til §12-8 i plan- og bygningslova. Asplan Viak AS gjennomfører planarbeidet på vegne av Filefjell Hytteservice AS. Oppstartsmøte med Lærdal kommune vart først gjennomført 26. april 2024. Etter oppstartsmøtet har planarbeidet vorte redusert. Det er halde møte med kommunen undervegs, og seinast den 11. november 2025.

Planområdet

Planområdet ligg i Lærdal kommune, ved Borlaugshagen. I dag vert området nytta til anleggsretta verksemd og lager. Kartutsnittet under syner framlegg til plangrense med heiltrukken raud strek. Planområdet sitt samla areal er på om lag 19,3 daa. Plangrensa omfattar eigendommene gbnr. 78/3 og 78/15.



Føremålet

Føremålet med planen er å leggje til rette for næringsverksemd, i tråd med dagens bruk. Det er tidlegare opna for næringsverksemd på dette arealet gjennom dispensasjon, og formålet vil no vere å regulere denne bruken permanent i tråd med areal avsett i kommuneplanen sin arealdel. Det vil vere viktig i planarbeidet å sikre gode overgangar til omkringliggende terreng og landskap.

Det er på noverande tidspunkt ikkje sett behov for å regulere fleire plannivå, anna enn på bakken.

Planstatus

Området er sett av til næringsverksemd, LNFR og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2023 - 2035, Lærdal kommune

Konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert til å ikkje falle inn under kriteria i Forskrift om konsekvensutgreiingar. Tiltaksområdet er konsekvensutgreia i tidlegare reguleringsplan for E16 frå Borlaug til Brustølsten av Statens vegvesen.

Innspel til planarbeidet

Innspel som kan ha verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast skriftleg til Asplan Viak AS, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger, eller via e-post til

Synne.nass@asplanviak.no

Frist for innspel og uttalar til planoppstart er sett til 20. januar 2026.

Spørsmål til planarbeidet kan rettast til Asplan Viak ved Synne Alvilde Næss på e-post.

Nærare informasjon om planarbeidet, planinitiativ og referat frå oppstartsmøte, er gitt på nettsidene til Asplan Viak AS, <https://www.asplanviak.no/> under kunngjeringar.

Det vil vere mogleg å kome med merknadar til sjølve planforslaget når dette blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Alle mottekne dokument og innspel vert oppsummert og kommentert, og vil verte ein del av plandokumenta i den vidare behandlinga av planarbeidet.

Det er forventa at planframlegget vert levert til 1. gongs handsaming vår/sommar 2026.

Med venleg helsing

Asplan Viak AS

Synne Alvilde Næss

Arealplanlegger

Telefon 46886731

E-post synne.nass@asplanviak.no